

RAPPORT

Landsdekkande tilsyn med branntryggleik i avfallsanlegg

Sluttrapport frå samarbeidet mellom
Miljødirektoratet og DSB



Utgitt av: Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) 2021

M-nr.: M-1930|2021

ISBN: 978-82-7768-523-6 (PDF)

Grafisk produksjon: ETN Grafisk, Skien



Landsdekkande tilsyn med
branntryggleiken i avfallsanlegg



	Samandrag.....	5
1	Bakgrunn og målsetjing	7
	1.1 Bakgrunnen for tilsynsaksjonen.....	8
	1.2 samarbeid.....	9
	1.3 Mål for aksjonen.....	9
	1.4 Omfatta anlegg.....	10
	1.5 Tema for aksjonen.....	10
2	Kunnskapsgrunnlag om avfallsbransjen	13
	2.1 Rise-rapporten.....	14
	2.2 Ein samansett bransje.....	15
	2.3 Ansvar hos eigar/verksemd.....	15
	2.4 Krevjande innsats for brannmannskapa.....	16
3	Praktisk gjennomføring	19
	3.1 Tidspunkt.....	20
	3.2 Val av tilsynsobjekt.....	20
4	Resultat	21
	4.1 Funna frå brann- og redningsvesenet.....	22
	4.2 Funn frå statsforvaltaren.....	27
	4.3 Hovudfunn frå tilsyna med storulukkeanlegga.....	28
	4.4 Vurdering av måloppnåing.....	30
5	Oppfølging av aksjonen	31
	5.1 Oppfølging av brot på regelverket.....	32
	5.2 Ansvar hos avfallsanlegga.....	32
	5.3 Korleis styresmaktene arbeider vidare.....	34

SAMANDRAG

Hausten 2020 gjennomførte tilsynsstyresmaktene landsdekkande tilsyn med branntryggleiken hos norske avfallsanlegg. Her blei det også kontrollert korleis anlegga avgrensar miljøskadane dersom ulukka skulle vere ute.

Bakgrunnen for tilsynsaksjonen er det betydelege talet på brannar og branntilløp dei siste åra. Sidan 2016 har det blitt registrert 228 brannar i norske avfallsanlegg. I tillegg kjem truleg ei rekkje branntilløp som ikkje viser att i statistikken.

Trass i avgrensingane som koronapandemien sette, blei det i oktober 2020 gjennomført tilsyn hos totalt 145 avfallsanlegg.

Styresmaktene har samarbeidd med mål om å redusere talet på brannar og miljøkonsekvensen av desse. Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har koordinert og lagt til rette for aksjonen ved m.a. å utarbeide føringar, sjekklister og rapportmalar, medan tilsynsstyresmaktene (statsforvaltaren og brann- og redningsvesenet) har gjennomført tilsyna hos anlegga.

Målet med tilsynsaksjonen er å redusere talet på brannar og miljøpåverknaden av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg både med å førebyggje brann og med å redusere miljøpåverknaden dersom det oppstår brann.

For å kunne hindre brann treng avfallsanlegga gode risikovurderingar og innsikt i kvifor brannar oppstår. Avfallsanlegga er særst ulike med omsyn til kva slags typar og mengder avfall dei tek imot, og korleis avfallet blir lagra og behandla. Dette betyr at risikoen for brann vil variere frå anlegg til anlegg.

Plasseringa (t.d. nærleik til busetnad, bustader og industri, sårbar natur, sårbare resipientar og jordbruksområde) er også avgjerande for kor stor skade ein brann kan gjere.

Å sløkkje brannar i avfallsanlegg kan vere særst krevjande for brannmannskapa, og i enkelte tilfelle kan arbeidet ta mange dagar. Brannane gir utslepp av giftig røyk, og utslepp av brannskum og sløkkjevatn kan forureine miljøet nær anlegget. Det er difor viktig at avfallsanlegga har vurdert miljørisikoen av ein brann i omgjevnadene og har avbøtande tiltak på plass for å avgrense eventuelle skadar.

Brann- og redningsvesenet rapporterer om at ca. halvparten (70) av dei kontrollerte avfallsanlegga (totalt 145) hadde eitt eller fleire alvorlege avvik. Kontroll med det brannførebyggjande arbeidet har stått sentralt i tilsynsaksjonen, og resultatene viser at mange avfallsanlegg ikkje innfrir krava i internkontrollforskrifta. Mellom anna hadde 52 avfallsanlegg vesentlege manglar i HMS/IK-systemet, og 50 anlegg mangla eller hadde særst mangelfulle brannrisikoanalysar. 45 anlegg kunne ikkje gjere greie for kva konsekvensar ein eventuell brann ville få for naboane til anlegget, og 38 anlegg hadde vesentlege manglar i opplæringsplanane for brannførebygging og sløkkjebereidskap, deriblant for handtering av EE-avfall og farleg avfall.

Også når det gjeld miljørisikovurderingar har avfallsanlegga eit stort forbettringspotensial. Statsforvaltaren rapporterer at det var om lag halvparten av dei kontrollerte anlegga som ikkje hadde kartlagt brann som potensiell kjelde til forureining (46 %), og som fekk avdekt brot i samband med miljørisikovurderingane (47 %) og dei risikoreducerande tiltaka (46 %).

Styresmaktene meiner det er nødvendig å auke kvaliteten på brann- og miljørisikovurderingane for å redusere talet på brannar og miljøpåverknaden ved brann.



FOTO: [Lars Magne Hovtun, Oslo kommune, brann- og redningsetat](#)



FOTO: [Lars Magne Hovtun, Oslo kommune, brann- og redningsetat](#)

KAPITTEL

01

Bakgrunn og
målsetjing



1.1

BAKGRUNNEN FOR TILSYNSAKSJONEN

Bakgrunnen for tilsynsaksjonen er dei mange brannane og branntilløpa i avfallsanlegg dei siste åra. Det er registrert 228 brannar i BRIS¹ i perioden 1. januar 2016 til 4. mars 2021. I tillegg går ein ut frå store mørketal når det gjeld branntilløp.

Risikoen for og konsekvensane av brann varierer frå anlegg til anlegg

Avfallsanlegga er særst ulike med omsyn til kva slags typar og mengder avfall dei tek imot og korleis avfallet blir lagra og handtert. Risikoen for brann vil såleis variere frå det eine anlegget til det andre. Ein brann kan føre til betydelege utslipp av giftig og miljøskadeleg røyk pluss forureina sløkkjevatn.

Plassering – til dømes nærleik til busetnad (bustadfelt og urban busetnad, industri- eller jordbruksområde) og sårbare resipientar som m.a. dyrkbar jord, vassdrag, elv, sjø, grunnvatn, drikkevasskjelder og naturvernområde, vil ha mykje å seie for helse- og miljøkonsekvensane ved brann.

Alle store brannar kan føre til utslipp av miljøgifter til både luft, grunn og vatn.

Brannar i avfallsanlegg krev ofte særst langvarig sløkkjeinnsats frå brann- og redningsvesen og fører såleis til utslipp av store mengder forureina sløkkjevatn og røyk.

Tilsynsstyresmaktene (brann- og redningsvesenet og statsforvaltaren) har med utgangspunkt i mellom anna risikovurdering og lokal kunnskap sjølve valt ut kva anlegg som skal kontrollerast i denne aksjonen.



FOTO: VIB (Revac-brannen fra 2014)

¹ BRIS er ei rapporteringsløyising for brann- og redningsvesenet.

1.2 SAMARBEID

1.2.1 SAMARBEID MELLOM STYRESMAKTENE

Miljødirektoratet og DSB inngjekk i november 2018 samarbeid med mål om å redusere talet på brannar og miljøpåverknaden av brannar i avfallsanlegg. Samarbeidet har resultert i denne landsdekkande tilsynsaksjonen og rapporten frå RISE Fire Research AS (RISE) om risikoar knytt til brannar i avfallsanlegg (sjå kapittel 2.1).

Direktorata har samarbeidd om den praktiske tilrettelegginga av tilsynsaksjonen. Dette arbeidet har omfatta mellom anna følgjande:

- Utarbeiding av rettleiing til risikovurdering (val) av tilsynsobjekt
- Utarbeiding av føringar for tilsynsaksjonen
- Utarbeiding av sjekklister, brevmalar m.m.
- Gjennomføring av pilot-tilsyn
- Utarbeiding av opplæringsopplegg
- Utarbeiding av spørjeundersøking til brann- og redningsvesenet
- Møte med bransjeorganisasjonane
- Innlegg på Brannvesenkonferansen i 2019² og på seminar i regi av bransjeorganisasjonane

Hensikta med å utarbeide føringar, sjekklister m.m. frå nasjonalt hald er å skape felles tilsynsverktøy som hjelper tilsynsstyresmaktene å behandle avfallsanlegg likt på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Representantar frå brann- og redningsvesenet og Statsforvaltaren i Oslo og Viken har her bidratt med verdifull tilsynskompetanse.

² Brannvesenkonferansen 2019: <https://www.dsb.no/kurs-og-konferanser/andre/brannvesenkonferansen-2019/>

1.3 MÅL FOR AKSJONEN

1.3.1 NASJONALE MÅL FOR BRANNFØREBYGGING

Målretta satsing på førebyggjande arbeid er hovudstrategien til regjeringa for å hindre og redusere konsekvensane av brannar.³ Utgangspunktet for brannvernarbeidet til DSB er dei fastsette nasjonale måla om:

- færre omkomne i brann
- å unngå tap av uerstattelege kulturhistoriske verdiar
- å unngå brannar som lammar kritiske
- samfunnsfunksjonar
- styrkt beredskap og handteringsevne
- mindre tap av materielle verdiar

At også miljøet skal vernast ved brann føresetjast gjennom formålsføresegna i brann- og eksplosjonsvernlova⁴ § 1: *Lova har som formål å verne liv, helse, miljø og materielle verdiar mot brann og eksplosjon.*

I ei ny stortingsmelding om samfunnstryggleik⁵ blir det retta særleg fokus på førebygging. Ein framhevar her at det førebyggjande arbeidet skal styrkast gjennom utvikling av regelverk, iverksetjing av sikringstiltak og vidareutvikling av kunnskap og kompetanse.

1.3.2 KONKRETE MÅL FOR TILSYNSAKSJONEN

Arbeidet til styresmaktene har som mål å redusere talet på brannar og miljøpåverknaden av brannar i avfallsanlegg, dvs. å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med å førebyggje brannar og redusere miljøpåverknaden dersom brann oppstår.

³ St.meld.nr.35 (2008–2009) *Brannsikkerhet – Forebygging og brannvesenets redningsoppgaver.*

⁴ Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulukker med farleg stoff og om redningsoppgåvene til brannvesenet (brann- og eksplosjonsvernlova) LOV-2002-06-14-20

⁵ Meld. St. 5 (2020–2021) *Samfunnssikkerhet i en usikker verden.*

Delmåla er å:

- auke branntryggleiken i avfallsfraksjonane (mottak og lagring)
- betre kvaliteten på brannrisikovurderingar
- redusere potensialet for miljøpåverknad ved brann (utslepp av sløkkjevatt, luftforureining m.m.)
- gjere eigaren meir medviten om konsekvensane ved brann
- auke merksemda rundt effekten (meirverdien) av samarbeid mellom styresmaktene

Tilsynsstyresmaktene har evaluert risikoanalysen til kvart avfallsanlegg med omsyn til sannsyn og konsekvensreduserande tiltak, då denne analysen er avgjerande for forståinga av brannrisikoen. Kontrollane til brannstyresmaktene har særleg fokus på risikoen knytt til personskadar og dødsfall, men i denne tilsynsaksjonen har ein i tillegg sett på faktorar som har ein miljøkonsekvens.

1.4

OMFATTA ANLEGG

Avfallsanlegg er anlegg som tek imot, mellomlagrar og eventuelt behandlar avfall, anten gjennom attvinning eller sluttbehandling. Alle anlegg som tek imot og lagrar og/eller behandlar farleg avfall, må ha løyve frå statsforvaltaren eller Miljødirektoratet dersom dei behandlar farleg avfall. Kravet om løyve gjeld ikkje kommunale ordningar for mottak av farleg avfall som har ein samla lagringskapasitet på maksimalt 50 tonn og er fritakne frå krav om løyve ifølgje avfallsforskrifta⁶ § 11-7 bokstav e og vedlegg 3.

Avfallsanlegg kan delast inn i følgjande kategoriar:

Anlegg som tek imot og lagrar avfall, deriblant:

- Sorteringsanlegg: tek imot avfall først og fremst frå industri, bygg- og anlegg og kommunale renovasjonsselskap.

- Mottak- og mellomagringsanlegg: tek imot større mengder avfall, i hovudsak frå industri og annan næringsaktivitet.
- Attvinningsstasjonar.

Anlegg som tek imot, lagrar og behandla avfall, deriblant:

- Shreddaranlegg (metallfragmenteringsanlegg)
- Biloppsamlarar (kasserte køyretoy)
- Forbrenningsanlegg
- Behandlingsanlegg for farleg avfall

Avfallsanlegga er mange og særlikt ulike med omsyn til kva typar og mengder avfall dei tek imot, korleis dei lagrar og eventuelt behandlar avfall, omfang, bygningsmasse o.l.

1.5

TEMA FOR AKSJONEN

1.5.1 KOR GODT AVFALLSANLEGGET OPPFYLLER INTERNKONTROLLFORSKRIFTA

Hovudtema for tilsynsaksjonen er *tilsyn med etterleving av internkontrollforskrifta*.

Generelt sett inneber dette ein kontroll med at avfallsanlegget har system for internkontroll. Kravet til internkontroll er heimla både i brann- og eksplosjonsvernlova § 8, løyve til verksemd etter forureiningslova og internkontrollforskrifta.⁷

Tilsynsstyresmaktene skulle rette særleg fokus på risikoanalysane til avfallsanlegga, jf. krava i internkontrollforskrifta § 5 første ledd nummer 6, der det går fram at verksemda skal: *gjere ei kartlegging av farar og problem og bruke denne som grunnlag for å vurdere risiko og utarbeide planar og tiltak som kan redusere risikoforholda*. Dei skulle kontrollere om risikovurderinga av brannhendingar og korleis desse vil kunne påverke ytre miljøforhold

⁶ Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) FOR-2004-06-01-931

⁷ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskriften) FOR-1996-12-06-1127.

var tilstrekkeleg med omsyn til lovkrav, omfanget av verksemda og handteringa/behandlinga av (farleg) avfall. Dersom bransjen skal oppnå ein reduksjon i talet på brannar og miljøpåverknaden av brannar i avfallsanlegg, er det avgjerande at verksemda/eigar har eit rett bilete av kva som er årsakene til anleggsbrannar. For å førebyggje brann og redusere konsekvensane dersom uhellet skulle vere ute, er det viktig at anlegget har ein risikoanalyse som held høg kvalitet.

1.5.2 AVFALLSFRAKSJONAR – BRANN- OG MILJØRISIKO

I tillegg til etterlevinga av internkontrollforskrifta kontrollerte ein brannfaren og branntryggleiken i sjølve avfallsfraksjonen.

Ifølgje RISE-rapporten, er brannrisikoen og tennkjeldene knytt til sjølve avfallet, behandlinga og oppbevaringa av avfallet; kompostering (sjølvtenning), «thermal runaway» i batteriet, friksjonsvarme ved kverning og menneskeleg aktivitet. Blanda avfall, batteri (særleg feilsorterte batteri), elektrisk og elektronisk avfall (EE), papir, papp og kartong er rekna som høgrisikoavfall.

I samband med dette blei det knytt enkelte kontrollpunkt til:

- mottakskontrollen
- handteringa av litiumbatteri
- handteringa av farlege stoff (brannfarleg væske og gass)

Her blir det vist til m.a. forskrifta om handtering av farlege stoff⁸ §§ 7, 11, 12, 14 og 15.

1.5.3 BYGNINGAR OG UTSTYR

Brann i byggverket er i utgangspunktet ikkje den fremste årsaka til brann i avfallsanlegg. Ifølgje RISE-rapporten, er brannårsaka knytt til avfallsfraksjonane.

Lagring av avfallet innandørs vil ifølgje RISE kunne skape utfordringar for brann- og redningsvesenet ved sløkking. DSB ønskte difor at brann- og redningsvesenet skulle ta med nokre kontrollpunkt knytte til sjølve byggverket under tilsynet.

Dette inneber ein kontroll av etterlevinga av forskrift om brannførebygging⁹ §§ 4, 5, 9, 10, 11, 12 og 13, som regulerer dei brannførebyggjande pliktene for eigar og brukar av byggverket. Eigar og brukar pliktar ifølgje desse føresegnene mellom anna å sjå til at:

- byggverket ikkje blir nytta til anna enn det som er oppgitt i løyvet frå bygningsstyresmaktene
- evakueringsplanar og/eller beredskapsplanar er tilgjengelege
- dei branntekniske installasjonane blir kontrollerte og fungerer slik dei skal
- brannalarm-/deteksjons- og eventuelle overvakingssystem er prosjekterte for faktisk bruk
- sløkkjesystema er dimensjonerte for typen avfallsfraksjonar og venta brannbelastning

⁸ Forskrift om handtering av brannfarleg, reaksjonsfarleg og trykksett stoff pluss utstyr og anlegg som blir nytta ved handteringa FOR-2009-06-08-602

⁹ Forskrift om brannførebygging FOR-2015-12-17-1710

KAPITTEL

02

Kunnskapsgrunnlag
om avfallsbransjen



2.1

RISE-RAPPORTEN

For å auke kunnskapsgrunnlaget gjekk direktorata saman om eit oppdrag til RISE Fire Research AS (RISE) for å få belyst risikoane knytt til brannar i avfallsanlegg på overordna nivå.

Rapporten blei ferdigstilt 1. november 2019,¹⁰ og faktagrunnlaget er mellom anna brukt i utarbeiding av rettleiing for val av tilsynsobjekt som særskilt brannobjekt (sjå kap. 3.2.1 under).

Her går det mellom anna fram at brannrisikoen og tenkjeldene er knytt til sjølve avfallet, behandlinga og oppbevaringa av avfallet – deriblant kompostering (sjølvtenning), «thermal runaway» i batteriet, friksjonsvarme ved kverning og menneskeleg aktivitet.

Blanda avfall, batteri (særleg feilsorterte batteri), elektrisk og elektronisk avfall (EE), papir, papp og kartong blir hos RISE rekna som høgrisikoavfall.

Sjå figur 9-1 i RISE-rapporten for årsaker til og konsekvensar av brannar i avfallsanlegg.

Ifølgje RISE-rapporten, blir ikkje farleg avfall rekna for å utgjere ein høg risiko med omsyn til brannstart. Denne konklusjonen er basert på kartlegginga som NOMIKO har utført av brannstart i avfallsanlegg. Like fullt er det slik at anlegg som tek imot og mellomlagrar farleg avfall, kan ha eit stort potensiale for forureining ved ein brann. Grunnen er at desse avfallsfraksjonane inneheld farlege stoff som kan ha stor påverknad på miljøet dersom ein brann først oppstår.

**RI
SE**

SAFETY & TRANSPORT
RISE FIRE RESEARCH



Branner i avfallsanlegg

Ragni Fjellgaard Mikalsen, Karin Glansberg, Karolina Storesund, Sissel Ranneklev

RISE-rapport 2019:61

Når det gjeld tiltak, kjem RISE-rapporten med anbefalingar knytt til brannsikker design av anlegg, handtering av avfall og avgrensing av konsekvensane for miljøet under og etter ein brann. Sentrale tiltak det blir anbefalt å prioritere, er deteksjon og overvaking, avgrensing av avfallsmengder, orden og ryddigheit, god opplæring, mottakskontroll, tilgjengeleg og rett dimensjonert sløkkjeutstyr pluss løysingar for å samle opp sløkkjevatt slik at det ikkje blir sloppe ut miljøgifter. God handtering av brannrisiko i avfallsanlegg vil vere viktig både for sjølve anlegga og for å avgrense moglege samfunnsmessige kostnader og konsekvensar for helse og miljø (RISE-rapporten – side 10).

¹⁰ RISE Fire Research, rapport nov. 2019: <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/branner-i-avfallsanlegg/>

2.2

EIN SAMANSETT BRANSJE

I RISE-rapporten kapittel 2.2 blir det gitt ei oversikt over talet på avfallsanlegg i Noreg, med utgangspunkt i handteringa av avfallet og om anlegget oppbevarer farleg avfall eller ikkje. Sjå figur 1 under.

Når vi i tillegg veit at avfallsanlegga er særskilt ulikt organisert – med alt frå store interkommunale avfallsselskap og landsdekkande konsern med dotterselskap, til små føretak med nokre få tilsette – er det liten tvil om at denne bransjen er kompleks.

Vidare ser vi at det oppstår nye avfallsfraksjonar etter kvart som det kjem nye produkt på marknaden. Dette inneber at avfallsfraksjonane og behandlinga av avfallet (attvinninga) stadig endrar seg.

2.3

ANSVAR HOS EIGAR/VERKSEMD

Brann- og eksplosjonsvernlova § 6 slår fast at *eigar av byggverk, område, transportmiddel, produksjonsutstyr, andre innretningar eller produkt* har ansvaret for nødvendige sikringstiltak for å førebyggje og avgrense brann, eksplosjon eller andre ulukker. Dersom avfallet blir handtert av ei verksemd, er denne ansvarleg for at branntryggleiken blir skjøtta på ein forsvarleg måte, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 19.

Ifølgje same lov § 8, pliktar verksemda (kan vere forskjellig frå eigar av bygget) å gjennomføre eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid (internkontroll). Krava til internkontrollen er nærmare regulerte i internkontrollforskrifta og inneber mellom anna plikt til å gjennomføre ein risikoanalyse.



FIGUR 1. Du ser her kor mange av dei tre typene avfallsanlegg som er omhandla i RISE-rapporten, som finst i Noreg. Merk: Då enkelte anlegg høyrer inn under fleire kategoriar, vil det samla talet på anlegg i Noreg vere lågare enn summen av tala ovanfor.

Ansvar for branntryggleik ligg hos eigaren/verksemda, og anbefalte tiltak er ifølgje RISE-rapporten: *deteksjon og overvaking, avgrensing av avfallsmengder, orden og ryddigheit, god mottakskontroll, tilgjengeleg og korrekt dimensjonert sløkkjeutstyr pluss løysingar for å samle opp sløkkjevatn slik at det ikkje blir sloppe ut miljøgifter.*

I tillegg er det verdt å merke seg at også kommunen kan ha eit direkte ansvar, som eigar av egne avfallsanlegg. I desse tilfella vil brann- og redningsvesenet (som kommunalt organ) ha ei særskild rolle ved kontroll av branntryggleiken hos eigen arbeidsgivar.

Avfallsanlegg som lagrar eller behandlar avfall som kan medføre forureining eller verke skjemmande, skal etter forureiningslova § 29 ha løyve frå miljøstyresmaktene etter forureiningslova § 11. Løyvet slår mellom anna fast krav om internkontroll, miljørisikovurderingar og beredskap for kvart enkelt avfallsanlegg for å hindre forureining. Forureiningslova inneber i tillegg ei plikt til å unngå forureining (forureiningslova § 7) og å ha nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense verknaden av forureining (forureiningslova § 40). Den ansvarlege for verksemda (leiing/eigar) pliktar å sjå til at internkontroll blir innført og handheva i tilstrekkeleg omfang til å innfri vilkåra i løyvet og krava. Avfallsanlegga er forventa å ha vurdert brann som ei pårekeleg hending som kan medføre forureining.

2.4

KREVJANDE INNSATS FOR BRANNMANNSKAPA

Brannar i avfallsanlegg krev ofte særskild langvarig sløkkjeinnsats frå brann- og redningsvesen og kan vere krevjande for brannmannskapa. Vestfold interkommunale brann- og redningsvesen IKS (VIB) brukte til dømes 2 ½ døgn på å sløkkje Revac-brannen i 2018.¹¹

Dette inneber tilgang til særskild mange mannskap (ofte blir det nødvendig med utlån frå nærliggjande kommunar). I tillegg kjem faren som det enkelte mannskap blir utsett for gjennom vedvarande innanding av røyk og risiko for av bygget kollapsar under sløkking.

Tilbakemeldinga frå brann- og redningsvesenet er at desse brannane i tillegg ofte omfattar brann i farlege stoff, og at anlegga manglar kartlegging når det gjeld oppbevaring av farlege stoff på anlegga. Det blir vist til utfordringar med eigentryggleiken for brannmannskapa, og påpeikt at HMS-forholda for brannmannskapa er viktige. I tillegg til utfordringa med brann i farleg avfall blir det vist til dårleg brannvassdekning, gass, og brann i avfall som genererer giftig røyk. Det blir òg påpeikt at avfallsanlegga har byggekonstruksjonar som toler lite brannbelastning. Samstundes viser ein til kor viktig det er å ha eit øvt industrivern og gode branntekniske installasjonar for å redusere tap av liv og materiell.

Vidare blir det gjort merksam på at det lokale brann- og redningsvesenet som er i sløkkjeinnsats ved eit avfallsanlegg, også må handtere andre samtidige hendingar i kommunen. Søndagen då det braut ut brann ved Revac-anlegget i Vestfold, skjedde det såleis i alt 11 andre hendingar som utløyste innsats frå VIB.¹²

Når sløkkjeinnsatsen trekkjer ut i tid, vil det nødvendigvis gå med særskild mykje sløkkjevatn. Desse store mengdene sløkkjevatn kan føre til forureining når det trekkjer ned i grunnen. I ein del tilfelle melder brann- og redningsvesenet også om avgrensa tilgang til vatn, med følgjende dette får for sløkkjeinnsatsen.

¹¹ PWC-rapport: Evaluering - Revac 2018: <https://www.vibr.no/?action=news&item=EENKabRx>

¹² PWC-rapport: Evaluering - Revac 2018: side 24.



FOTO: Lars Magne Hovtun, Oslo kommune, brann- og redningsetat

KAPITTEL

03

Praktisk
gjennomføring



3.1

TIDSPUNKT

Tilsynsaksjonen skulle etter planen gjennomførast i juni 2020, men måtte flyttast grunna koronapandemien.

Statsforvaltaren leia fellestilsyna og var ansvarleg for å samle inn resultat og innarbeide desse i ein felles inspeksjonsrapport til verksemda i etterkant. Statsforvaltaren hadde også ansvar for å varsle fellestilsyna og tok seg av å sikre at tilsynsstyresmaktene kom i kontakt med ansvarleg for avfallsanlegget og eigar av bygget. I forkant av tilsynet blei det dessutan innhenta nødvendig dokumentasjon. Også dialogen med avfallsanlegget rundt særskilde smitteverntiltak som følgje av koronapandemien, blei skjøtta av statsforvaltaren ved alle fellestilsyna.

3.2

VAL AV TILSYNSOBJEKT

3.2.1 SÆRSKILDE BRANNOBJEKT SOM ER VALDE UT AV BRANN- OG REDINGSVESENET

Tilsynsstyresmakt for kontroll med branntryggleik er brann- og redningsvesenet. Dette går fram av brann- og eksplosjonsvernlova § 13 jf. § 11 første ledd bokstav b, der gjennomføring av brannførebyggjande tilsyn inngår som ei av oppgåvene til brann- og redningsvesenet.

I tillegg til vern av liv, helse og materielle verdiar inngår fare for miljøskadar som grunnlag for tilsyn, jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd: *Kommunen skal identifisere og føre oversikt over byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemder m.m. der brann kan medføre tap av mange liv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdiar.*

Det er brann- og redningsvesenet i dei enkelte kommunane som vel ut, på grunnlag av ei risikovurdering av alle brannrisikoobjekta i kommunen, kva anlegg det skal først tilsyn med. Ikkje alle avfallsanlegg vil bli rekna som brannrisikoobjekt. Ei erfaringsinnhenting hausten 2018,¹³ frå åtte utvalde brann- og redningsvesen viste at det låg mange avfallsanlegg i bynære område. Eksempelvis blei det den gongen kartlagt 49 anlegg i Oslo¹⁴ og 26 innanfor området til VIB.¹⁵ I eit ressursperspektiv er det truleg verken føremålstenleg eller mogleg å føre tilsyn med alle avfallsanlegga i tillegg til alle andre brannrisikoobjekt i dei større kommunane. Risikovurderingane til brann- og redningsvesenet er særst viktige for relevansen av og målsetjinga med tilsynet.

I samarbeid med sju utvalde ressurspersonar frå brann- og redningsvesenet utarbeidde DSB ein enkel rettleiar med kriterium for utveljing av avfallsanlegg for tilsyn. Alle brann- og redningsvesen fekk tilsendt brev og rettleiing 7. februar 2020, i god tid før tilsynsaksjonen. Rettleiinga, som er basert på kartlegginga av brannrisiko i RISE-rapporten, er meint som hjelp i arbeidet med utveljing. I tillegg blir lokal kunnskap og informasjon om tidlegare brannar i anlegga vektlagt.

Ifølgje brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd, skal alle utvalde tilsynsobjekt registrerast som særskilde brannobjekt og få varsel om tilsyn. Når ei verksemd er definert som særskilt brannobjekt, pliktar brann- og redningsvesenet å gjennomføre tilsyn. Dette utløyser ingen nye eller strengare krav til byggverk eller anlegg/verksemd, men brann- og redningsvesenet vil kunne utføre jamlege kontroller av at gjeldande krav blir innfridde.

3.2.2 TILSYNSOBJEKT SOM ER VALDE UT AV STATSFORVALTAREN

Statsforvaltaren valde i samarbeid med brann- og redningsvesen ut tilsynsobjekt på grunnlag av brannrisikovurderinga til brann- og redningsvesenet og registreringa av avfallsanlegget som særskilt brannobjekt.

¹³ Intern DSB-rapport datert 23. oktober 2018 – sak nr 2018/6136.

¹⁴ Oslo kommune brann- og redningsetat.

¹⁵ Vestfold interkommunale brannvesen IKS.

KAPITTEL

04

Resultat



4.1


FUNNA FRÅ BRANN- OG REDNINGSVESENET

4.1.1 TAL PÅ BRANN- OG REDNINGSVESENE SOM DELTOK

Per 1. mars 2021 er det registrert totalt 201 kommunale brann- og redningsvesen i Noreg.¹⁶ Av desse ligg 116 i kommunar med færre enn 10 000 innbyggjarar¹⁷ og 85 i kommunar med fleire enn 10 000 innbyggjarar.

SB har fått tilbakemelding frå i alt 116 brann- og redningsvesen. 22 av desse oppgav at dei ikkje hadde avfallsanlegg på sine område, medan dei resterande 94 rapporterte å ha kartlagt avfallsanlegg innanfor eigen kommune.

Alle fylke var representerte i tilsynsaksjonen og **74 brann- og redningsvesen** deltok. Når vi legg til grunn at brorparten av avfallsanlegga av ein viss storleik er heimehøyrande i kommunar med fleire enn 10 000 innbyggjarar (representert med 85 brann- og redningsvesen), er talet på deltakande brann- og redningsvesen å rekne som høgt.



FIGUR 2. Tal på brann- og redningsvesen som oppgir å ha avfallsanlegg innanfor ansvarsområdet sitt.

¹⁶ Ifølge BRIS, eit rapporteringsverktøy for brann- og redningsvesenet. Dette er ein reduksjon på nesten 40 brann- og redningsvesen sidan 2019, jf. DSBs rapport *Melding om brannvernet fra 2019* side 5: <https://www.dsb.no/globalassets/dokumenter/rapporter/2020-0924-melding-om-brannvernet-rapport-2019.pdf>

¹⁷ Tala er henta frå BRIS og Statistisk Sentralbyrå.

4.1.2 TAL PÅ TILSYN

94 brann- og redningsvesen rapporterer å ha i alt 385 avfallsanlegg i kommunen/kommunane dei har ansvar for. 194 avfallsanlegg ble risikovurderte og plukka ut for tilsyn.

Ikkje alle 94 brann- og redningsvesen deltok. Det er heller ikkje ført tilsyn med alle kartlagde og utvalde avfallsanlegg. Dette har ulike årsaker, men fleire brann- og redningsvesen opplyste at dei ikkje kunne gjennomføre tilsyn grunna lokale covid-19 utbrot i enkelte kommunar. Enkelte oppgav at dei planlegg å gjennomføre tilsyna i 2021 dersom koronasituasjonen tillèt det. Fleire opplyste at dei berre hadde mindre miljøstasjonar i kommunen sin, og at dei store avfallsanlegga låg i nabokommunen. Andre viste til sjukdom og ressursituasjonen ved kontoret som

årsak til at ikkje alle anlegga blei omfatta av tilsynsaksjonen. Ei oppsummering viser at i alt 74 brann- og redningsvesen gjennomførte totalt 145 tilsyn. Av desse er 57 tilsyn gjennomførte i samarbeid med statsforvaltaren. Dette inneber at brann- og redningsvesenet gjennomførte 88 tilsyn åleine.

I tillegg gjennomførte DSB fire storulukketilsyn på avfallsanlegg saman med Miljødirektoratet.

Om lag halvparten (70) av dei kontrollerte avfallsanlegga (145) hadde eitt eller fleire alvorlege avvik. Sjå tabellen under:

	Antall
Hvor mange avfallsanlegg er beliggende i den/de kommuner som ditt brann- og redningsvesenet har ansvar for?	385 ¹³
Hvor mange avfallsanlegg ble risikovurdert og utvalgt for tilsyn jf. brev fra DSB av 07.02.2020?	194
Hvor mange tilsyn ble gjennomført samtidig med Fylkesmannen?	55 ¹⁴
Hvor mange tilsyn ble gjennomført av brann- og redningsvesenet alene?	90
Hvor mange av de kontrollerte avfallsanlegget hadde ett eller flere alvorlige avvik jf. veiledning i vurdering av alvorlige brudd?	70

FIGUR 3. Tabell med oversikt over samla tal på avfallsanlegg, kor mange anlegg som blei risikovurderte og plukka ut for tilsyn, og kor mange anlegg som hadde avvik. Jf. rapporten frå brann- og redningsvesenet til DSB.

¹³ På dette spørsmålet ser vi ei underrapportering. Eitt brann- og redningsvesen oppgav ikkje kor mange avfallsanlegg det har innanforansvarsområdet sitt, men rapporterer å ha gjennomført tilsyn.

¹⁴ Då statsforvaltaren har registrert 57 felles tilsyn, kan vi her ha med underrapportering frå brann- og redningsvesenet å gjere.

RESULTAT

4.1.3 TILSYN MED ETTERLEVING AV INTERNKONTROLLFORSKRIFTA

Hovudtema for tilsynsaksjonen var kontroll med etterleving av internkontrollforskrifta. Det er her dei mest vesentlege funna blei gjort.

På sjekkpunktet *Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i HMS/IK-systemet* sitt er det rapportert 52 anlegg.

Tilsvarande kjem det fram at heile 50 anlegg mangla eller hadde sær mangelfulle brannrisikoanalysar.

45 anlegg kunne heller ikkje gjere greie for kva konsekvensar ein eventuell brann ville ha for naboane til anlegget.

Vidare kom det fram at 38 anlegg mangla eller hadde sær mangelfulle opplæringsplanar innanfor brannførebygging og sløkkjebereidskap (derimellom handtering av EE-avfall og farleg avfall).

Nedanfor finn du talet på brot for kvart punkt på sjekklista som omhandlar kontroll av etterlevinga av internkontrollforskrifta:

1	Internkontroll – styringssystem, kompetanse og risikoanalysar	Ref. lovverk	Tal
1.1	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i HMS/IK-systemet?	Jf. IK-forskrifta §§ 4 og 5	52
1.2	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i opplæringsplanane for førebygging av brann og sløkkjebereidskap, derimellom for handtering av EE-avfall og farleg avfall?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 2 og brann- og eksplosjonsvernlova § 19 andre ledd andre setning	38
1.3	Kor mange avfallsanlegg gjennomfører ikkje brannvernøvingar?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 2 og forskrift om brannførebygging § 12 andre ledd c	31
1.4	Kor mange avfallsanlegg manglar branninstruks?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 2 og forskrift om brannførebygging § 12 andre ledd d	15
1.5	Kor mange avfallsanlegg med over 20 tilsette manglar eige industrivern? (Manglar skal varslast til NSO)	Jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 19 andre ledd andre setning, forskrift om brannførebygging § 12 andre ledd (sjå også forskrift om industrivern):	8
1.6	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i risikoanalysane/-vurderingane som går på branntryggleik?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 6 og brann- og eksplosjonsvernlova §§ 6 og 8 og forskrift om brannførebygging §§ 9, 10, 11, 12 og 13	50
1.7	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i kartlegginga av faren for brann og moglege hendingar som kan påverke branntryggleiken i byggverket?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 6, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 6 og 8 og forskrift om brannførebygging §§ 9, 10, 11, 12 og 13	33
1.8	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i kartlegginga av faren for brann i avfallet i samband med oppbevaring/lagring?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 6, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 6 og 8 og forskrift om brannførebygging §§ 9, 10, 11, 12 og 13	30

1.9	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i risikovurderinga for sjølvtenning i litiumbatteri?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 6, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 6 og 8 og forskrift om brannførebygging §§9, 10, 11, 12 og 13	31
1.10	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i vurderinga som omfattar konsekvensar for naboane ved brann?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 6, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 6 og 8 og forskrift om brannførebygging §§9, 10, 11, 12 og 13	45
1.11	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i systema og rutinane sine for avviksregistrering av brannar og branntilløp?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 7 og forskrift om førebygging § 9 første ledd bokstav c jf. § 10 og § 12 andre ledd bokstav e jf. § 13	17
1.12	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i varslingsrutinen for brann?	Jf. IK-forskrifta § 5 nr. 7 og forskrift om førebygging § 9 første ledd bokstav b jf. § 10 og § 12 andre ledd bokstav e jf. § 13	14
1.13	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har vesentlege manglar i evakueringsplanane?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 7 og forskrift om førebygging § 12 andre ledd bokstav b jf. § 13	18
1.14	Kor mange avfallsanlegg manglar rutinar for korleis leiinga skal ta del i den systematiske gjennomgangen av internkontrollen?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 7, brann- og eksplosjonsvernlova § 8 og forskrift om brannførebygging § 9 første ledd punkt c (eigar) og § 10 pluss § 12 andre ledd punkt e (brukar) og § 13	17
1.15	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har mangelfulle rutinar for oppfølging av brann, derimellom undersøking av årsaka til brannen (som grunnlag for læring og førebygging)?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd nr. 7, brann- og eksplosjonsvernlova § 8 og forskrift om brannførebygging § 9 første ledd punkt c (eigar) og § 10 pluss § 12 andre ledd punkt e (brukar) og § 13	12

FIGUR 4. Tabell med oversikt over brot som brann- og redningsvesenet fann i samband med kontroll av etterlevinga av internkontrollforskrifta, jf. sjekklista for tilsyna.

4.1.4 TILSYN MED BRANNTRYGGLEIKEN I AVFALLSFRAKSJONANE

På kontrollpunktet *Kor mange avfallsanlegg manglar eller har dårleg eigna beredskapsutstyr for handtering av branntilløp i litiumbatteri* blei det funne brot hos 36 anlegg. 30 avfallsanlegg manglar eller har mangelfulle rutinar for handtering av lekkasjar av gass eller brannfarleg væske.

15 avfallsanlegg har fått avvik grunna store mengder usortert avfall der brannrisikoen ikkje er vurdert. Som nemnt tidlegare, inneber store haugar med usortert avfall ein særskild brannrisiko som krev konkrete brannførebyggjande tiltak.

I tillegg blei det avdekt brot ved 5 avfallsanlegg som oppbevarer farleg stoff utan å ha meldt inn dette til DSB.

Vi merkar oss også at 32 anlegg manglar eller har mangelfulle rutinar for handtering av lekkasjar av gass eller brannfarleg væske.

På neste side finn du talet på brot for kvart av punkta på sjekklista som omhandlar branntryggleik i avfallsfraksjonane:

RESULTAT

2	Branntryggleik i avfallsfraksjonane (brannsikker oppbevaring)	Ref. lovverk	Tal
2.1	Kor mange avfallsanlegg har store haugar med usortert avfall der brannrisikoen ikkje er risikovurdert?	Jf. IK-forskrifta § 5 nr. 6, brann- og eksplosjonsvernlova §§ 6 og 8, forskrift om brannførebygging § 11 b og forskrift om handtering av farleg stoff § 14	15
2.2	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har dårleg eigna beredskapsutstyr for handtering av branttilløp i litiumbatteri?	Jf. Brann- og eksplosjonsvernlova § 6	36
2.3	Kor mange avfallsanlegg oppbevarer farleg stoff i mengder som krev innmelding til DSB, utan å ha meldt inn dette?	Jf. Forskrift om handtering av farleg stoff § 12 første ledd (sjå vedlegg 2 til forskrift – om mengdegrensene)	5
2.4	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har mangelfull skilting/merking av brannfaren ved oppbevaring av farleg stoff?	Jf. Forskrift om handtering av farleg stoff § 11 første ledd	30
2.5	Kor mange avfallsanlegg manglar eller har mangelfulle rutinar for handtering av lekkasjar av gass eller brannfarleg væske?	Jf. IK-forskrifta § 5 første ledd punkt 7 og forskrift om handtering av farleg stoff § 15 første ledd bokstav i	32

FIGUR 5. Tabell med oversikt over brot som brann- og redningsvesenet fann i samband med kontroll av branntryggleik i avfallsfraksjonane, jf. sjekklista for tilsyna.

4.1.5 TILSYN MED BRANNTRYGGLEIKEN I BYGGVERK, M.M.

I alt 43 avfallsanlegg kunne ikkje leggje fram eller hadde mangelfull FDV²⁰-dokumentasjon med opplysningar om føresetnader, vilkår og eventuelt restriksjonar som ligg til grunn for prosjekteringa av tiltaket (brannkonsept, ferdigattest, mellombels bruksløyve).

Dei fleste avfallsanlegga hadde sørgt for at rømningsvegane var i funksjonell stand. Her var det berre 10 anlegg som fekk påvist brot på regelverket.

Det er vidare verdt å merke seg at 26 anlegg ikkje gjennomførte kontroll med dei branntekniske installasjonane og at 25 anlegg ikkje kunne dokumentere at dei branntekniske installasjonane var dimensjonerte for den faktiske bruken. Det er særskilt viktig at dei branntekniske installasjonar fungerer etter hensikta når uhellet er ute.

På neste side finn du talet på brot for kvart av punkta på sjekklista som omhandlar branntryggleik i byggverk:

²⁰ Forvaltning, drift og vedlikehald.

3	Branntryggleik i byggverk, produksjon, transportmiddel eller andre innretningar eller produkt	Ref. lovverk	Tal
3.1	Kor mange avfallsanlegg kunne ikkje leggje fram eller hadde mangelfull FDV-dokumentasjon med opplysningar om føresetnader, vilkår og eventuelt restriksjonar som ligg til grunn for prosjekteringa av tiltaket? (Brannkonsept, ferdigattest, mellombels bruksløyve.)	Jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 6 og forskrift om brannførebygging §§ 4,9 og 10	43
3.2	Kor mange avfallsanlegg (brukar av bygget) manglar eller har vesentlege manglar i rutineane som skal sørge for at rømningsvegane er i funksjonell stand?	Jf. brann- og eksplosjonsvernlovas § 6 og forskrift om brannførebygging §§ 11 b og 13	10
3.3	Kor mange avfallsanleggseigarar gjennomfører ikkje eller kan ikkje dokumentere at det blir gjennomført kontroll av dei branntekniske installasjonane (t.d. brannalarmanlegg og sprinklaranlegg)?	Jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 6 og forskrift om brannførebygging §5 og § 10	26
3.4	Kor mange avfallsanlegg kan ikkje dokumentere at branntekniske installasjonar som t.d. sløkkjesystem og deteksjonsutstyr er dimensjonerte for den faktiske bruken av anlegget (oppbevaring av avfall)?	Jf. brann- og eksplosjonsvernlova § 6 og forskrift om brannførebygging § 4 og § 9 andre ledd pluss § 10	25

FIGUR 6. Tabell med oversikt over brot som brann- og redningsvesenet fann i samband med kontroll av branntryggleiken i byggverk, jf. sjekklister for tilsyna.

4.2

FUNN FRÅ STATSFORVALTAREN

4.2.1 TAL PÅ TILSYN

Statsforvaltarar i alle fylke deltok i aksjonen og gjennomførte til saman 57 tilsyn i samarbeid med lokal brann- og redningsvesen.

I tillegg gjennomførte Miljødirektoratet fire storulukketilsyn på avfallsanlegg saman med DSB, sjå kap. 4.3.

4.2.2 KONTROLL MED YTRE MILJØ

Statsforvaltarane kontrollerte kor godt avfallsanlegga følgjer internkontrollføresegnene – då særleg med omsyn til beredskap og miljørisikovurderingar for å minimere påverknaden på ytre miljø ved brann.

Dei ble kontrollert om anlegget:

- har kartlagt naturmangfald og naturmiljøressursar som kan bli påverka ved forureining (t.d. drikkevasskjelder, sårbare naturområde og busetnad)
- har vurdert brann som pårekneleg hending med påfølgjande utslepp av miljøskadeleg røyk og sløkkjevatn/brannskum som kjelde til forureining
- har vurdert moglege konsekvensar av eit utslepp av sløkkjevatn/brannskum (akutt forureining)

RESULTAT

- har vurdert om miljørisikoen er innanfor det som kan akseptertast (akseptkriterier)
- har sett i verk (konsekvensreduserande) organisatoriske og fysiske tiltak på bakgrunn av miljørisikovurderinga
- har ein beredskap som står i forhold til miljørisikoen som verksemda til ei kvar tid representerer, og som skal sørgje for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense konsekvensane av forureining

I tillegg kontrollerte statsforvaltaren om avfallsanlegga hadde teke i bruk vilkåra i den mellombelse unntaksforskrifta som hadde blitt innført i samband med koronapandemien, og som gav avfallsanlegg høve til å søkje om økt lagringskapasitet til mottak og lagring av ordinært og farleg avfall. Her blei det ikkje gjort funn, då ingen av dei kontrollerte avfallsanlegga hadde søkt om ein slik mellombels auke i lagringskapasitet.

Alle dei 57 kontrollerte avfallsanlegga handterer ulike typar av avfall, og fleire vil vere omfatta av meir enn éin kategori, som vist i figur 7 under:

Resultata frå kontrollane viser at avfallsanlegga har eit stort forbettringspotensial når det gjeld kvaliteten på miljørisikovurderingane for å redusere miljøpåverknaden ved brann. Nær halvparten av dei kontrollerte anlegga fekk avdekt brot knytt til miljørisikovurderingane (47 %), mangel på risikoreduserande tiltak (46 %) og manglande kartlegging av brann som pårekeleg hending som kan medføre forureining (46 %). Over ein tredjedel (35 %) mangla tilstrekkeleg beredskap mot akutt forureining. Tre anlegg blei kontrollerte utan funn og sju anlegg fekk merknader. Dei resterande 47 anlegga fekk avdekt eitt eller fleire brot på dei kontrollerte punkta, som vist i figur 8 på neste side:

Type avfallsanlegg	Tal på kontrollerte anlegg
Ordinært avfall- mottak, mellomagring og sortering	30
Farleg avfall – mottak og mellomagring	35
Attvinning av metall og EE-avfall	4
Kasserte køyretøy	6
Deponier	4

FIGUR 7. Tilsyn frå statsforvaltaren inndelt etter avfallskategori.

4.3


HOVUDFUNN FRÅ TILSYNA MED STORULUKKEANLEGG

Det blei gjennomført tilsyn hos fire avfallsanlegg for farleg avfall. Desse er omfatta av storulukkeforskrifta,²¹ og tilsynsstyresmakter er DSB, Arbeidstilsynet, Miljødirektoratet, Petroleumstilsynet og Næringslivets Sikkerhetsorganisasjon, jf. § 5.

Miljødirektoratet og DSB hadde ansvaret for tilsyn med to avfallsanlegg kvart og begge etatar var saman på alle tilsyna. Hovudtema var § 10 i storulukkeforskrifta, som stiller krav om styring av endringar som kan ha positiv eller negativ innverknad på risikoen for store ulukker. Dette kan vere endringar som går på det organisatoriske eller tekniske, lagringsstad, farlege kjemikalier / farleg avfall, tilstand og mengde. Tilsynet omfatta også kontrollpunkt frå denne tilsynsaksjonen (brannar i avfall).

Det blei observert få brot knytt til brannrisiko. Alle anlegga hadde vurdert brann som pårekeleg hending, gjort tilstrekkelege miljørisikoanalyser og sett i verk tiltak for å redusere forureiningspotensialet.

²¹ Forskrift om tiltak for å førebyggje og avgrense konsekvensane av storulukker i verksemdar som handterer farlege kjemikalier (storulukkeforskrifta) FOR-2016-06-03-569.



FIGUR 8. Tal på brot på ulike kontrolltema.

Verksemder som er omfatta av storulukkeforskrifta, er gjenstand for regelmessige tilsyn og må innfri strenge krav med omsyn til brannrisiko. Regelverket og dei jamlege tilsyna generelt er rekna å bidra til god etterleving av HMS-regelverket og dermed auka branntryggleik.

4.4

VURDERING AV MÅLOPPNÅING

Målsetjinga med den landsdekkande tilsynsaksjonen er å redusere talet på brannar og miljøpåverknaden av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med å førebyggje brann og å redusere miljøpåverknaden dersom uhellet skulle vere ute.

I ei spørjeundersøking som blei gjennomført i brann- og redningsvesenet, svarte 81 prosent at dei opplever at tilsynsaksjonen i stor grad (4 eller 5) har bidratt til å auke kvaliteten på brannrisikovurderingane. Brann- og

redningsvesenet opplever også at tilsynsaksjonen bidrar til at dei andre delmåla blir nådde. 71 % meiner at tilsyna har vore med på å auke branntryggleiken i avfallsfraksjonane, og 77 % at tilsyna har medverka til betre branntryggleik i byggverket.

Statsforvaltarane har opplyst til Miljødirektoratet at også dei i stor grad opplever at tilsynsaksjonen har ført til betre kvalitet på brannrisikovurderingane, inkludert miljø. Dei opplever vidare at tilsynsaksjonen bidrar til at dei andre delmåla blir nådde. Over halvparten meiner at tilsyna i stor grad har bidratt til å auke branntryggleiken i avfallsfraksjonane, og at tilsyna i stor grad har vore med på å redusere potensialet for miljøpåverknad ved brann.

Statsforvaltarane opplyser til Miljødirektoratet at dei observerer at avfallsanlegga i seinare tid har hatt meir fokus på brannførebygging, og at fleire av anlegga har eller er på veg til å få installert ny teknologi for å førebyggje brann. Fleire har allereie gode resultat å vise til i form av tidleg deteksjon og sløkking av branntilløp. Døme på dette er installering av varmesøkjande kamera som automatisk varslar brannvakta (døgnbemanna) ved endringar i temperatur, og varmesøkjande kamera som er kopla direkte til vasskanonar som sløkkjer branntilløp med minimal bruk av sløkkjevattn.

Statsforvaltarane meiner at målet om meir fokus på sløkkjevattn er oppnådd ved at også dei lokale brannvesena ser på dette som viktig for å redusere skadeomfanget ved brann. Dette inneber at verksemdene får på plass til dømes oppsamling/fangdammar for sløkkjevattn og gjer vurderingar av korleis overskytande sløkkjevattn bør handterast.

KAPITTEL

05

Oppfølging av
aksjonen



5.1 OPPFØLGING AV BROT PÅ REGELVERKET

Brann- og redningsvesenet og statsforvalteren følger opp avfallsanleggenes regelbrudd innen hvert sitt myndighetsområde.

Ved meir alvorlege brot vil brann- og redningsvesenet følgje opp avvika i tilsynsrapporten gjennom:

- vedtak som pålegg å rette opp i avvik
- bruk av eventuelle reaksjonsmiddel (t.d. tvangsmulkt) som konsekvens av at verksemda ikkje har retta seg etter pålegget

Dersom statsforvaltaren oppdagar brot på regelverket, blir dette påpeikt i inspeksjonsrapporten, og verksemda pliktar å utbetre forholdet omgåande.

Tilbakemeldingsfristen til statsforvaltaren og brann- og redningsvesenet om retting av avvik vil variere avhengig av kva type og kor omfattande utbetring det er snakk om. Til dømes vil tekniske endringar i byggverk/anlegg eller installering av brannsikring/utsleppsreducerande tiltak kunne krevje meir tid enn utarbeiding av rutinar.

5.2 ANSVAR HOS AVFALLSANLEGGÅ

5.2.1 BEHOV FOR UTBETRING AV INTERNKONTROLLSYSTEM

Avfallsanlegga er særst ulike med omsyn til kva slags typar og mengder avfall dei tek imot og korleis avfallet blir lagra og behandla. Dette inneber i sin tur at *risikoen for brann vil variere frå anlegg til anlegg*. Kunnskapen om brannrisikoen må liggje lokalt; hos eigar og verksemd.

Dei store variasjonane med omsyn til oppbevaring (type og mengde avfall) gjer det utfordrande å danne seg ei overordna (nasjonal) risikooversikt på området.

Tilsyn frå styresmaktene vil ikkje åleine kunne bidra til å redusere brannar og branntilløp, og det er verksemdene sjølve som til ei kvar tid har ansvar for å etterleve regelverket gjennom iverksetjing av tilfredsstillande tiltak.

Det avgjerande for brannførebygging er at eigar/verksemd etablerer nødvendig branntryggleik med grunnlag i ein grundig brannrisikoanalyse. At eigaren har medvit om ansvaret sitt og følgjer reglane om internkontroll er det viktigaste bidraget til god brannførebygging.

5.2.2 RETTLEIINGSBEHOV – BRANSJEORGANISASJONANE KAN BIDRA

Ansvaret for branntryggleiken ligg hos eigarane verksemdene, men styresmaktene anbefalar at bransjeorganisasjonane bidrar med både generell og konkret rettleiing og kompetanseheving overfor avfallsanlegga.

Det blir i den samanheng vist til rettleiingsmateriell som Samfunnsbedriftene har utarbeidd.²²

Det kan vere krevjande å utarbeide generelle rettleiingar til ein så kompleks og samansett bransje. Like fullt er det viktig å ha konkrete rettleiingar. Resultata frå denne tilsynsaksjonen viser at avfallsanlegga har behov for rettleiing og hjelp med å utarbeide risikovurderingar der både brannfaren og miljøutfordringane ved brann blir tekne omsyn til. Slike rettleiingar må ta høgde for skilnader i risiko avhengig av avfallsfraksjon og mengde avfall som blir oppbevart og/eller behandla.

Utgreiingar viser at dei aller fleste brannar oppstår i sjølve avfallet/restavfallet. God kunnskap om brannrisiko generelt og sjølvtenning spesielt står difor heilt sentralt.

²² <https://www.samfunnsbedriftene.no/bransjer/avfall-og-ressurs/brann-i-avfallsanlegg-veileder-om-risiko/>

Ifølge RISE-rapporten kapittel 10 *Konklusjonar* blir det anbefalt å ta særskilt omsyn til høgrisikoavfall (sjå oversikta i denne rapporten i kapittel 5.2.4) ved utarbeidinga av risikovurderingar og beredskapsplanar. Uansett avfallsfraksjon er den klare anbefalinga: *god mottakskontroll og sortering, og ein reduksjon i restavfallsmengdene.*

I tillegg til å stille med fagleg rettleiing blir bransjeorganisasjonane anbefalte å bidra med informasjon og opplæring til avfallsanlegga. Anbefalinga i RISE-rapporten er at bransjeorganisasjonane sørger for at læring og erfaring frå små og store hendingar blir utveksla og kjem heile bransjen til nytte (sjå kapittel 10 i rapporten). RISE anbefaler også at det blir gjennomført ein større folkeopplysningskampanje om brannfarane knytt til feilsorterte batteri og batteri i EE-avfall, for å hindre at folk kaster batteri feil.

Eit døme på slik folkeopplysning er artikkelen som Norsk Brannvernforening publiserte 25. februar 2021 under tittelen *Fortviler over feilsorterte batteri*. I eit intervju med Tina Skudal, kommunikasjonsrådgivar hos renovasjonsselskapet BIR, blir det framheva at batteri ofte hamnar i rest- eller papiravfallet, i staden for hos miljøstasjonane. Ho viser til at søppelet blir utsett for både press og varme på avfallsmottaket. Batteri som har landa i restavfallet og ikkje blir oppdaga (sorterte ut), får ei altfor røff behandling hos avfallsanlegga. Slike feilsorterte batteri utgjør ein vesentleg brannrisiko.

Ved oppbevaring av brukte batteri heime anbefaler brannvernforeninga å teipe over polane og leggje batteria i ein boks eller eit glas med lokk.

Det er viktig at resultatane frå utgreiingane og tilsynsaksjonen blir formidla til alle avfallsanlegga gjennom bransjeorganisasjonane. I tillegg må informasjonen følgjast opp både gjennom seminar og kursverksemd, og gjennom konkret rettleiing. Kompetansebygging står sentralt. Det tek tid å bygge ein god tryggleikskultur.



FOTO: Frå artikkelen som Norsk Brannvernforening publiserte 25. februar 2021: "[Fortviler over feilsorterte batteri](#)".

5.2.3 KUNNSKAP OM BRANNRISIKO MÅ HALDAST VED LAG I DRIFTA

Maskinentreprenørenes Forbund (MEF), avdeling Gjenvinning og avfallshåndtering, leigde inn Nomiko AS til å gjere ei utgreiing og utarbeide ein sluttrapport om brannårsaker og forslag til brannførebyggjande tiltak på avfallsanlegg. Ei lenkje til rapporten frå mars 2019 er lagt ved.²³ Funna frå undersøkinga som Nomiko gjorde, samsvarer med konklusjonen i RISE-rapporten om at sjølvtenning er blant hovudårsakene til brannar. Ifølgje Nomiko, skuldast meir enn halvparten av brannane på norske avfallsanlegg sjølvtenning. På andre plass som største brannårsak kjem batteria. Omlag halvparten av dei 65 brannane som blei kartlagde, skal ha oppstått i omlastingslager der avfall blir handtert og/eller lagra innandørs. Det blei også oppgitt at mange brannar startar i avfallskverner. Vidare presiserer Nomiko at brannane klart oftast oppstår i restavfall.

Det blir òg vist til Brannteknisk rapport frå Sweco frå 2015 om *brannførebyggjande tiltak på avfallsanlegg*,²⁴ og til RISE-rapporten om lagring av ikkje-tilkopla litiumion- og litiumbatteri.²⁵

I tillegg blir det vist til utgreiingar og anbefalingar frå bransjeorganisasjonar i andre nordiske land, deriblant Rapport 2018:09 Avfall Sveriges Utvecklingssatsning (ISSN 1103-4092) *Brandsäkerhet vid lagring av avfallsbranselen*.²⁶ Her blir det i kapittel 5 gitt konkrete anbefalingar for førebygging av brann både når det gjeld systematisk branntryggleiksarbeid (kap. 5.2), mottakskontroll (5.3) og handtering og lagring av avfall (5.4). I sistnemnde kapittel blir det mellom anna anbefalt å avgrense storleiken på avfallslagra ut frå kva type avfall det dreier seg om.

Dette er kunnskap som avfallsanlegga treng å gjere seg kjende med. Det er naturleg at anlegga bruker denne kunnskapen til å utarbeide risikovurderingar og setje i verk nødvendige tiltak for førebygging.

5.3

KORLEIS STYRESMAKTENES ARBEIDER VIDARE

5.3.1 NY TILSYNSRETTLEIAR FOR BRANN- OG REDNINGSVESENET

Brann- og eksplosjonsvernlova § 9 slår fast at brann- og redningsvesenet er eit kommunalt og lokalt ansvar. Ifølgje same lov §§ 32 og 11, er brann- og redningsvesenet også lokal tilsynsstyresmakt med ansvar for gjennomføring av brannførebyggjande tilsyn.

På brannområdet slår brann- og eksplosjonsvernlova fast at DSB er:

- *sentral tilsynsstyresmakt* – med ansvar for tilsyn med kor godt brann- og redningsvesenet følgjer brann- og eksplosjonsvernlova
- *forvaltar av brann- og eksplosjonsvernlova* med fullmakt til fastsettelse av tilhøyrande forskrifter, samt instans for behandling av klager samt søknader om ettergivelse av tvangsmulkt²⁷ og fråvik fra dimensjoneringsforskrifta (herunder kvalifikasjonskrava)²⁸
- ansvar for *bestemme opplæringsplanar* for personell i brannvesenet²⁹

Dette inneber at DSB mellom anna har ansvar for rettleiing av brann- og redningsvesenet når det gjeld tolking av regelverket.

I forlenging av denne tilsynsaksjonen har DSB utarbeidd ein ny tilsynsrettleiar³⁰ for brann- og redningsvesenet.

Denne rettleiinga erstattar i hovudsak DSB-rettleiinga for myndigheitsutøving av tilsyn frå 2006.

²³ NOMIKOs rapport – mars 2019: Branner i avfallsbransjen – årsaker og tiltak. Lenkje: <https://brannvernforeningen.no/siteassets/pdf/branner-i-avfallsbransjen---arsaker-og-tiltak.pdf>

²⁴ <https://www.norskindustri.no/siteassets/dokumenter/rapporter-og-brosjyrer/sweco---brannforebygging-pa-avfallsanlegg.pdf>

²⁵ <https://www.dsb.no/rapporter-og-evalueringer/brannrisiko-ved-lagring-av-ikke-tilkoblede-litium-ion-og-litiumbatterier/>

²⁶ https://www.avfallsverige.se/fileadmin/user_upload/Remissvar_skrivelser/2018/2018-09.pdf

²⁷ Brann- og eksplosjonsvernlova § 39

²⁸ Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen (her forkortet til dimensjoneringsforskrifta) FOR-2002-06-26-729 § 8-2

²⁹ Dimensjoneringsforskrifta § 7-2

³⁰ Denne er under produksjon.

Rettleiinga er meint å skulle nyttast av brann- og redningsvesenet ved tilsyn med særskilde brannobjekt, og det er henta både erfaring og døme frå denne tilsynsaksjonen. Brann- og redningsvesenet har bidratt med viktige innspel.

Hensikta med rettleiinga er å leggje til rette for ein lik og einskapleg bruk av tilsyn som verkemiddel på tvers av kommunegrensene. Dette vil i sin tur medverke til auka rettstryggleik for tilsynsobjektet, då behandlinga vil vere lik uavhengig av kommune-tilhørsle.

5.3.2 KONKRETISERING AV HEIMELSGRUNNLAGET FOR TILSYN I FORSKRIFT OM BRANNFØREBYGGING OG RETTLEIING

Heimelen for tilsyn frå brann- og redningsvesenet er brann- og eksplosjonsvernlova § 13 første ledd:

§ 13. Særskilde brannobjekt

Kommunen skal identifisere og føre oversikt over byggverk, opplag, område, tunnelar, verksemder m.m. der brann kan medføre tap av mange liv eller store skadar på helse, miljø eller materielle verdjar.

Kommunen skal sørgje for at det blir ført tilsyn i dei nemnde byggverka m.m. i første ledd, for å sjå til at desse er tilstrekkeleg sikra mot brann. Tilsynet skal omfatte alle aspekt som har betydning for branntryggleiken (m.a. bygningsmessige, tekniske, utstyrmessige og organisatoriske brannsikrings-tiltak) og forhold som kan spele ei rolle for gjennomføringa av sløkkingsarbeid og annan redningsinnsats.

Kommunen skal kunne dokumentere overfor den sentrale tilsynsstyresmakta korleis tilsynet med dei nemnde byggverka m.m. i første ledd som kommunen eig eller bruker, er gjennomført, og korleis eventuelle pålegg er følgde opp.

Kommunen kan ved enkeltvedtak bestemme at det skal førast tilsyn med andre byggverk m.m. enn dei som er omfatta av første ledd. Kommunestyret kan sjølv vedta lokal forskrift om tilsyn med andre byggverk m.m. enn dei som er omfatta av første ledd

Ifølgje første ledd, skal det utarbeidast ei liste over alle brannrisikoobjekt i kommunen. Dette gjeld ikkje berre byggverk, men også *verksemder*. Andre ledd slår fast at eit tilsyn etter denne føresegna omfattar alle aspekt som har innverknad på branntryggleiken, det vil seie både bygningsmessige, tekniske og organisatoriske faktorar. Tilsynet frå brann- og redningsvesenet skal såleis omfatte tilsyn med brannfarleg verksemd, derimellom tilsyn med etterleving av internkontrollforskrifta.³¹ Det blir i denne samanhengen vist til brann- og eksplosjonsvernlova § 8.

Tilbakemeldingane som avfallsanlegga og brann- og redningsvesenet kom med til DSB under førebuinga av tilsynsaksjonen, var at kontrollen så langt hadde vore konsentrert om brannrisikoen i byggverket. Her blei det vist til føresegnene i forskrift om brannførebygging §§ 5 og 8 pluss §§ 9–13. Desse føresegnene, som konkretiserer innhaldet i lovføresegn § 13, vidarefører ein del krav frå internkontrollforskrifta, men har fokus på branntryggleiken i byggverket.

Ifølgje RISE-rapporten (sjå kapittel 5.2.3), er brannrisikoen ved avfallsanlegg knytt til sjølve *avfallet, behandlinga og oppbevaringa av avfallet*.

Det kan dermed setjast spørsmålsteikn ved om brann- og redningsvesenet under tidlegare tilsyn hatt tilstrekkeleg fokus på brannfaren i verksemda (avfallet og oppbevaringa av avfallet).

Med bakgrunn i dette vil DSB vurdere om det er behov for å konkretisere heimelsgrunnlaget for tilsyn, m.a. ved å gjere endringar i forskrifta om brannførebygging og rettleiing. Hensikta er å sikre at brannrisikoen i verksemda (drift, produksjon osv.) blir handsama på ein tydelegare måte i føresegnene enn det som er tilfellet i dag. Tilsyn med bygningsmessige og tekniske tiltak er framleis viktig. Når brannrisikoen er knytt til drift og produksjon i verksemda (i dette tilfellet avfall og oppbevaring av avfall), er det naturleg at kontrollen blir retta inn mot verksemda. Tilsyn med etterlevinga av internkontrollforskrifta generelt og brannrisikovurderinga spesielt vil her vere særskild viktig.

³¹ Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) FOR-1996-12-06-1127.

5.3.3 OPPFØLGING FRÅ MILJØDIREKTORATET

Miljødirektoratet vil jobbe vidare med funna frå aksjonen for å skape større merksemd rundt brannførebygging og redusere miljøpåverknaden av brannar ved avfallsanlegg. Erfaringane vil bli brukte til mellom anna å vurdere om krava i løyva til anlegga bør endrast, og om det er behov for å utarbeide rettleingsmateriell på dette feltet. Døme på dette kan vere handtering av sløkkjevatt, miljørisikovurderingar og miljøpåverknad av brann, og spesielt brannfarlege typar avfall.

Prosjekt om likare rammer og vilkår for avfallsanlegga til statsforvaltaren

Miljødirektoratet kartlegg saman med statsforvaltaren kravstillinga i ulike løyve som avfallsanlegga har fått frå statsforvaltaren, og kva typar avfallsanlegg statsforvaltarane ikkje stiller krav om løyve til. Målet med prosjektet er å sikre likebehandling og likare rammer og vilkår for avfallsanlegg.

Kartlegginga utgjer grunnlaget for ein tiltaksplan for likare rammer og vilkår. Det vil m.a. bli vurdert om enkelte krav kan stillast i forskrift. Moglege tiltak for å redusere brannrisiko og miljøpåverknad av brann vil inngå i dette arbeidet.

5.3.4 VIDARE SAMARBEID OG UTVEKSLING AV ERFARINGAR

Samarbeid mellom dei ulike brann- og redningsvesena – deling av erfaringar/ evalueringar etter hendingar

Rise-rapporten (side 10) anbefalar å leggje til rette for at dei ulike brann- og redningsvesena skal kunne få eit størst mogleg læringsutbyte etter brannar. Dette kan bidra til å auke kvaliteten på dialogen (rettleiinga) mellom brann- og redningsvesenet og dei enkelte avfallsanlegg.

Brann- og eksplosjonsvernlova § 9 andre ledd slår fast at hendingar skal evaluerast for å sikre kontinuerleg forbetring av det førebyggjande og beredskapsmessige arbeidet. Denne føresegna kom inn i lova i 2015. Det går fram av forarbeida³² fremgår det at *hensikta med evalueringane primært er å skape ein kultur i norske brann- og redningsvesen for å arbeide systematisk med læring frå hendingar... Departementet er samd i at det er viktig at erfaringar frå hendingar blir delte med andre brann- og redningsvesen og at det finst løysingar/arenaer for erfaringsutveksling*. Departementet minner i den samanheng om at personvernomsynet kan leggje restriksjonar på delinga av opplysningar.

Kravet til evaluering av hendingar er utdjupa i § 20 i forskrift om brannførebygging. I føresegna andre og tredje ledd går følgjande fram:

... Etter brannar som har hatt eller kunne fått alvorlege konsekvensar for liv, helse, miljø eller materielle verdiar, skal kommunen evaluere om det førebyggjande arbeidet har hatt ønskt effekt.

Kommunen skal setje i verk rutinar som sikrar at kunnskap og erfaringar frå hendingar kjem til nytte både ved kartlegginga av risiko og sårbarheit for brann, og ved planlegginga og gjennomføringa av førebyggjande tiltak

DSB vil understreke behovet for og viktigheita av å evaluere hendingar og dele erfaringar på tvers av kommunane. Brannar i avfallsanlegg er ei av fleire hendingar som er relevante i denne samanhengen.

Samarbeid mellom statsforvaltaren og brann- og redningsvesenet

Brann- og redningsvesenet og statsforvaltaren har begge gitt tilbakemeldingar om at samarbeidet har gitt dei meirverdi ved at dei mellom anna har fått større kompetanse på regelverka til kvarandre. Dei opplevde også at avfallsanlegga syntest det var nyttig at tilsynsstyresmaktene gjennomførte felles tilsyn.

³² Prop.52 L (2014-2015) Endringer i brann- og eksplosjonsvernloven, tolloven og straffeloven 2005 (utgangsstoffer og eksplosiver mv), side 39.


Med bakgrunn i resultatene frå denne tilsynsaksjonen anbefaler DSB og Miljødirektoratet at tilsynsstyresmaktene held fram med dette arbeidet.

Mellom anna er det naturleg at brann- og redningsvesenet etablerer eit tett samarbeid med statsforvaltaren i kommunar/område der det er mange brannar i avfallsanlegga. Statistikken frå BRIS³³ gir ei oppdatert oversikt over desse områda.

Til dømes ser vi av figur 9 at det brenn meir i Oslo, Viken og Vestfold og Telemark enn det gjer i dei nordlegaste fylka. Dette kan ha si naturlege forklaring i at det ligg fleire avfallsanlegg her. Uansett blir det anbefalt å sjå på statistikk³⁴ og tidlegare hendingar ved prioritering av tilsynsressursane.

5.3.5 ETTERFORSKING AV BRANNAR I AVFALLSANLEGG

Etterforskning av brann og brannårsak er ei oppgåve for politiet.



FIGUR 9. Oversikt over talet på brannar fordelt per fylke i perioden 1. januar 2016 til 4. mars 2021, jf. rapportering frå brann- og redningsvesenet i BRIS.

I fagbladet Miljøkrim nr. 2 2017 (desember 2017),³⁵ er oppmerksomheten blant annet rettet mot brannar i avfallsanlegg, herunder spesielt brannar i EE-avfall jf. artikkelen om *Store verdier og farlege stoffer i EE-avfall* på side 12 til 16.

Artikkelen omhandlar storbrannen i Vestfold juli 2014, der 140 tonn EE-avfall brann opp og førte til utslipp av *persistente og bioakkumulerande miljøgifter*. Forureiningspotensialet blir opplyst å ha vore langt større enn det faktiske utslippet, og selskapet som hadde ansvaret for å sanere avfallet, blei dømt for brot på forureiningslova.

I tillegg til ein gjennomgang av hendinga og utfallet av behandlinga i tingretten, blir det gitt utfyllande informasjon om farlege stoff i EE-avfall. Vidare blir det opplyst at haugen som brann, var cirka 15 meter brei, 40 meter lang og 5 meter høg. Det blir forklart at: *140 tonn materiale brann opp før brannvesenet etter drygt 1 1/2 døgn klarte å sløkkje brannen.*

³³ BRIS er et rapporteringssystem for brann- og redningsvesenet

³⁴ Brannstatistikk.no: <https://www.brannstatistikk.no/brus-ui/>

³⁵ Fagbladet Miljøkrim, ansvarleg utgivar Miljøkrimavdelinga ved Økokrim, nr. 2 2017: <https://www.miljokrim.no/2-2017-desember.455333.no.html>

OPPFØLGING AV AKSJONEN

Vidare går følgjande fram:

Viktigare er det kanskje at risikoen for forureining gjennom avrenning aukar proporsjonalt med mengda mellomlagra avfall. Det same gjer risikoen for brann på grunn av sjølvtenning. Skadepotensialet aukar også – storleiken på haugen fekk direkte betydning for mengda miljøgifter som slapp ut i naturen. Brannen var nemleg særskilt vanskeleg å sløkkje, både på grunn av typen materialar som brann, og på grunn av måten desse var lagra på.

Brannårsaka blei aldri identifisert. *Eit sannsynleg scenario er likevel sjølvtenning gjennom mekanisk påverknad frå eit batteri som ikkje hadde blitt plukka ut i dei innleiande fasane av saneringsprosessen.*

I sløkkingsarbeidet blei det ifølgje artikkelen nytta både vatn og brannskum, nærmare bestemt 1800 kubikkmeter vatn og 12 kubikkmeter skum. Brannen hadde ei kraftig røykutvikling som i dei tidlegaste fasane steig høgt til værs. Seinare la røyken seg ned mot bakken og påverka nærområdet i større grad. Ein person frå brannmannskapet trong medisinsk behandling etter å ha blitt eksponert for røyken.

DSB og Miljødirektoratet er samde i at etterforsking av brannar og miljøkriminalitet er viktig. Ei slik prioritering vil vere venta å ha stor effekt med omsyn til brann- og miljøførebygging ved avfallsanlegga.

5.3.6 FINANS NORGE OG FORSIKRINGSNÆRINGA KAN BIDRA

5. februar 2018 inngjekk DSB og Finans Norge ein samarbeidsavtale om offentleg-privat samarbeid om oversikt over risiko og sårbarheit i samfunnet, førebygging av uønskete hendingar og effektivulukkes- og krisehandtering.

Avtalen byggjer på eit allereie langvarig og godt, men uformelt samarbeid mellom DSB og skadeforsikringa om felles forståing og deling av informasjon om risiko og førebygging av uønskete natur- og brannskadar.

Som eit ledd i dette samarbeidet, er det viktig at Finans Norge og skadeforsikringa held fram med å bidra i arbeidet med å førebyggje brannar i avfallsanlegg, mellom anna gjennom vidareformidling av eigne erfaringar, relevante utgreiingar, resultatane i denne sluttrapporten m.m. Storbrannar i avfallsanlegg påfører samfunnet faktiske kostnader i form av driftsopphald og skadar på bygg, produksjonsmaterieil og store maskiner. I tillegg brenn avfallet opp i staden for å bli brukt om att.

Finans Norge og forsikringsselskapa har eit mål om å vere pådrivar i førebygginga av skadar og/eller uønskete hendingar i samfunnet. Næringsliv, private, helseføretak og kommunar kjøper forsikringsdekning for skadar. Finans Norge, Norsk Naturskadepool og forsikringsselskapa har gjennom dette mykje kunnskap om risiko, sårbare område og utvikling av skadar i samfunnet. Dette er verdifull kunnskap i eit førebyggingsperspektiv.

Ein reknar med at openheit rundt informasjon frå skadeforsikringa kan vere med på å førebyggje brannar i denne bransjen.



Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap



DSB
Rambergveien 9
Postboks 2014
3103 Tønsberg

+47 33 41 25 00

postmottak@dsb.no
www.dsb.no



/DSBNorge



@dsb_no



dsb_norge



dsbnorge

M-NR.: M-1930|2021
ISBN 978-82-7768-523-6 (PDF)
HR 2449
April 2021